




Månadsbrev februar 2019

Dette månadsbrevet kjem altfor seint, for januar gjekk altfor fort for underteikna! Gruppa "Fant", Unni, Georg og Vegar, sin konsert var flott, og Vegar Vårdal synest alltid det er kjekt å ha konsert på Sinnes, og spesielt på biblioteket. Ungdomsskulen har gjennomført UEVO-undersøkinga, sjølv om det var mange vanskelege formuleringar, og dei syntest det var greitt å vera på TL-kurs. Dei syntest ikkje umiddelbart dei nye aktivitetane var lette å bruka, men med litt planlegging, vert det nok innført nye aktivitetar. På foreldremøtet om elevundersøkinga kom det ... personar, som først fekk tid til å setja seg inn i resultatane, så diskuterte med sideforelderen, før det vart opna for kommentarar og spørsmål i plenum. Til slutt tok rektor for seg delar av "Plan for elevane sitt skulemiljø i Sirdal kommune", som ligg på heimesida.

Det **sosiale målet** i februar er å **ta ansvar for eiga læring**, noko 1. klasse og mange av dei dei intervjuar til morgonsamlinga, synest er vanskeleg å forklara. Det gjer nok Udir òg i "Prinsipper for opplæringen", for der vert det ikkje forklart kva det er, berre at elevane etter kvart skal ta meir ansvar for eiga læring. Noko av svaret finn me nok m.a. i måla å "*stimulere elevenes og lærlingenes/lærekandidatenes lærelyst, utholdenhet og nysgjerrighet og å stimulere elevene og lærlingene/lærekandidatene til å utvikle egne læringsstrategier og evne til kritisk tenkning*". (Oppl.l. § 1-2 og læreplanverkets generelle del) Målet må vera at elevane skal læra seg å arbeida meir og meir på eiga hand, men uansett er foreldre/føresette og lærarar viktige støttespelarar på veg mot meir sjølvstende.

Den store skulekinodagen er 12. februar, der 1.-7. klasse skal sjå "Innsiden ut" og 8.-10. klasse "Hva vil folk si". "Innsiden ut" handlar om elleve år gamle Riley som ein dag motvillig må flytta frå landlege Minnesota til storbyen San Fransisco. " Dette opplever Riley traumatisk da hun blir nødt til å ta farvel med bestevenninna, hockeylaget og flotte naturomgivelser. Men hun prøver så tappert hun kan å være mor og fars gladjente. Det som gjør denne fortellingen annerledes er at det hele blir fortalt gjennom ulike følelser bosatt i Rileys sinn."



<https://www.filmweb.no/skolekino/incoming/article1236942.ece> "Hva vil folk si" handlar om 16 år gamle Nisha som lever eit dobbeltliv. "Hjemme med familien er hun en pakistansk datter, mens ute med venner er hun en vanlig norsk ungdomsjente. (...) Hva vil folk si er et rørende og intenst drama om det vanskelige forholdet mellom en far og en datter. Det er fortellingen om en ung jente som må finne sin egen vei."



Januar har vore ein god lekselesingsmånad, og februar er ein god arbeidsmånad. Me avsluttar februar med **Abeldag 22.** før me tar ein **god vinterferie**. Elles har lærarane i Sirdalsskulen **fagdag 12.** februar om fagfornyinga.

Sinnes 06.02.19, Åse-Berit (rektor)